



Arkivnr: 2014/10499-34

Saksbehandlar: Karl Viken

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		30.10.2014
Fylkestinget		09.12.2014

## Godkjenning av 2 prosjektrekneskapar innan skulesektoren.

### Samandrag

Kontrollutvalet skal i samsvar med gjeldande budsjett- og økonomiforskrifter uttala seg om årsrekneskapane. Det er lagt til grunn at prosjektrekneskapar følgjer same prosedyre. I samband med dette gjorde Fylkestinget slikt vedtak i sak 49/13 i møte 15.10.13:

«Fylkestinget vedtek at prosjektrekneskapar:

1. På 10 millionar kroner eller høgare skal reviderast av ekstern revisor og handsamast i kontrollutvalet før dei går vidare til politisk handsaming.
2. Der avviket i høve opphavleg budsjett er meir enn 10 % skal same rutine følgjast.»

Uttalen frå kontrollutvalet ligg ved denne saka frå fylkesrådmannen til fylkestinget, som gjer vedtak i denne saka. Saka omhandlar prosjektrekneskap for prosjekt 06001 Olsvikåsen vgs - nybygg og prosjekt 02121 Bergen maritime vgs – boresimulator. Brev om avslutning av prosjekta, revisjonsuttalar og kontrollutvalssak ligg ved. I brev dagsett 5.9.2014 har Deloitte har stadfesta at prosjektrekneskapane gjev eit rettvise bilete av at prosjekta og at dei er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk. I saka er det ei oversikt over prosjektrekneskapen.

Kontrollutvalet har ingen særskilde merknadar til prosjektrekneskapane. Dette utover at det har teke 8 år frå siste løyving blei gitt til rekneskapen for prosjekt 6001 Olsvikåsen vgs vart endeleg framlagd. Dette sjølv om det vert opplyst at grunnen er at ein venta på spelemidlar. Fylkesrådmannen syner til at det er sett i verk tiltak som skal kunne korte ned på tida som går frå siste prosjektløyving er vedteke til rekneskapen vert politisk handsama.

### Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner rekneskapen for 2 prosjekt i skulesektoren.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Johnny Ernst Stiansen  
fylkesdirektør økonomi

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Kontrollutvalssak
- 2 Revisjonsberetning prosjektnr 2121 BMvgs
- 3 Revisjonsberetning prosjektnr 6001 Olsvikåsen vgs
- 4 Rekneskapsavslutning prosjekt nr. 2121 BMvgs
- 5 Rekneskapsavslutning prosjekt nr. 6001 Olsvikåsen.

**Fylkesrådmannen, 08.10.2014**

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak 49/13 i møte 15.10.13:

«Fylkestinget vedtek at prosjektrekneskapar:

1. På 10 millionar kroner eller høgare skal reviderast av ekstern revisor og handsamast i kontrollutvalet før dei går vidare til politisk handsaming.
2. Der avviket i høve opphavleg budsjett er meir enn 10 % skal same rutine følgjast.»

Uttalen frå kontrollutvalet skal for desse prosjektrekneskapane leggjast ved sak frå fylkesrådmannen til fylkestinget, som gjer vedtak i denne saka. Sekretariatet har motteke revisjonsuttale til dei 2 prosjektrekneskapa; prosjekt 06001 Olsvikåsen vgs - nybygg og prosjekt 02121 Bergen maritime vgs - boresimulator, frå Deloitte, som skal handsamast i fylkestinget. Deloitte har stadfesta at prosjektrekneskapane gjev eit rettvisande bilete av begge prosjekta, og at dei er i samsvar med god kommunal rekneskapskikk. Ei oversikt over prosjektrekneskapane er sett opp under;

**Prosjektrekneskapar**

Prosjektnr	Eining	Føremål	Løyving	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
2121	BMvgs	Boresimulator	Kr 11 000 000	kr 11 001 340	kr -1 340	0,0 %
6001	Olsvikåsen vgs	Nybygg	kr 133 500 000	kr 134 333 496	kr -833 496	-0,6 %
<b>Totalt</b>			kr 144 500 000	kr 145 334 836	kr -834 836	-0,6 %

Samla for dei 2 prosjekta er det, som oversikta syner, eit meirforbruk på kr 834 836; dvs. 0,6 % av totale løyvingar.

Prosjekt 2121 – Bergen maritime vgs gjeld bygging av boresimulator, og denne er gjennomført med ei ubetydeleg overskriding.

Prosjekt 6001 - Olsvikåsen vgs gjeld bygging av ny skule, og prosjektrekneskapen viser ei overskriding på ca. kr. 800 000. Skulen vart teke i bruk ved hausten 2006. Det har altså teke 8 år frå siste løyving blei gitt, og til endeleg rekneskap ligg føre. Det vert argumentert med at grunnen til dette er at ein har venta på spelemidlar. Sekretariatet stiller spørsmål ved om det er naudsynt å vente så lenge før prosjektrekneskapen vert avslutta.

Det vert også vist til uttalen frå kontrollutvalet for 'prosjekt 06109 Tertnes vgs – Tilbygg' i møte 25.8.14. Der det i punkt 3 m.a. står: «*Kontrollutvalet har merka seg at det har teke 7 år frå siste løyving blei gitt, til endeleg rekneskap ligg føre,.....*».

Det vil på bakgrunn av dette vera ei føremon om ein i framtida kan finne fram til rutinar som gjer at ein kan avslutte slike prosjektrekneskapar tidligare enn det som har vore tilfelle blant anna for prosjekt 6001 – Olsvikåsen vgs og 6109 – Tertnes vgs.

Fylkesrådmannen viser til den politiske handsaminga av prosjekt 06109 Tertnes vgs, der det vart poengtert at fylkesrådmannen har gjennomgått og stramma inn rutinane på dette området. Dette for at gjennomførte prosjekt og deira rekneskapar for framtida skal kome tidligare til politisk handsaming. Dette etter at siste løyving er gjeve, garantitida er utløpt og eventuelle eksterne tilskot er motteke. Garantitida er no utvida til 5 år.

Utover det som går fram over er handsaming og revisjon av prosjektrekneskapen utført i tråd med regelverket ved at dei vert revidert etter kvart, ved at dei vert send vidare til sekretariatet for handsaming i kontrollutvalet og at det er lagt med notat med forklaring på avvik for alle prosjekta.

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet i sin uttale, som for Tertnes vgs., kommenterer at det for nybygg av Olsvikåsen vgs. har teke sær lang tid før prosjektrekneskapen er avslutta. Og at vil vera ei føremon om ein i framtida kan finne fram til rutinar som gjer at ein kan avslutte slike prosjektrekneskapar tidligare enn det som har vore tilfelle her. Sekretariatet tilrår vidare at kontrollutvalet tar konklusjonane frå Deloitte til

etterretning.

Kontrollutvalet 19.09.2014 – sak nr. 78/14 - vedtok følgende framlegg til uttale samrøystes;

**Forslag til uttale**

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapane gjev eit rettvisande bilete av at prosjekta er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.
2. Kontrollutvalet tar konklusjonen frå Deloitte til etterretning.
3. Kontrollutvalet har merka seg at det har teke 8 år frå siste løyving blei gitt for nybygg av Olsvikåsen vgs, til endeleg rekneskap ligg føre. Det vil vera ei føremon om ein i framtida kan finne fram til rutinar som gjer at ein kan avslutte slike prosjektrekneskapar tidligare.
4. Utvalet har elles ingen kommentar til prosjektrekneskapane.

Kontrollutvalssak, brev om rekneskapsavslutning og revisjonsberetning frå Deloitte ligg ved saka.

Fylkesrådmannen tilrår at prosjektrekneskapa vert godkjend, og syner til at det er gjort tiltak som skal gjere at prosjektrekneskapane for framtida skal avsluttas og kome til politisk handsaming så tidlig som mogleg.